

Retningslinjer for gjennomføring og vurdering av praktisk privatisteksamen

HUD2004 vg2 hudpleie

Praktisk/skriftleg eksamen

Tema: Andletsbehandling

Del 1. Individuell tverrfagleg praktisk prøve i klinikk med klient

Det er berre dei to sensorane som skal vere til stades i eksamenslokalet saman med kandidatane.

Individuell tverrfagleg praktisk prøve i klinikk med klient.

Tidsbruk: inntil 2 timar. Kandidaten får kandidatnummer før den praktiske delen av eksamen startar.

Hjelpemiddel: Ingen hjelpemiddel.

Gjennomføring av eksamen:

Kandidaten skal bruke kandidatnummeret på all skriftleg dokumentasjon.

Sensorane fordeler klientane på kandidatane føre eksamen startar.

Eksamen startar frå kandidaten kjem inn i eksamenslokalet.

Konsultasjonen skal utførast i samsvar med tema og kompetansemål. Konsultasjonen skal førebuast, gjennomførast og avsluttast. Kandidatane skal rydde etter seg. Dokumentasjonen skal skrivast ferdig før klienten forlèt klinikken.

For- og etterarbeid er inkludert i eksamenstida, kandidatane skal også rydde etter seg.

Sensor kan stille spørsmål undervegs.

Kandidatane skal ikkje skifte klede mellom praktisk og skriftleg del. Dei går rett til skriverom.

Del 2. Individuell skriftleg oppgåve

Tidsbruk: Inntil 1 time

Tillatne hjelpemiddel: Kunden sitt journalkort, læreplan vg2 hudpleie

Oppgåve: Gjere greie for og grunngje viktige val kandidaten har gjort i konsultasjonen. Til dette skal kandidaten bruke dokumentasjon frå konsultasjonen og relevant teori frå helsefremjande arbeid, yrkesutøving og kommunikasjon og samhandling.

Vurderingskriterium og sensorrettleiing

Praktisk del

Sensor vurderer

- Ferdig oppdekking
- Mottaking
- Personleg hygiene og klinikkhygiene i samband med behandlinga
- Korleis kandidaten kommuniserer og rettleiar kunden undervegs i behandlinga
- Bruka av apparat og produkt
- Om behandlinga står i forhold til kunden sine behov og ønske
- Disponering av tid
- Heilskapsinntrykk

Behandlinga skal utførast etter prosedyrar som er gitte i følgje læreplan, lærebok og opplæring.

Det blir særleg lagt vekt på

- Ferdigheiter i grunnleggande behandling
- At kunden får best mogleg behandling i forhold til behov om ønske

Skriftleg del

Eksamenssvaret skal vise at eleven ser heilskap i yrket ho utdannar seg til. Derfor skal vala som blir gjort i løpet av behandlinga grunngjevast med teori frå alle studieretningsfaga (Yrkesfagleg fordjuping/prosjekt til fordjuping skal ikkje vere med):

- Yrkesutøving: mål som passar til behandlinga
- Helsefremjande arbeid: mål som passar til behandlinga
- Kommunikasjon og samhandling: mål som passar til behandlinga

Det blir særleg lagt vekt på

- Grunngjeving av viktige val under behandlinga
- Evne til å bruke teori
- Om praktisk og teoretisk del stemmer overeins

Eksamenskarakteren blir fastsett på individuelt grunnlag og gir uttrykk for kompetansen til privatisten slik han kjem fram på eksamen, jf. §3-25 i forskrift til opplæringslova.